

---

**Fra:** Bjørnar Vik <vik.bjornar@gmail.com>  
**Sendt:** 9. februar 2016 09:23  
**Til:** Roald Kvingedal  
**Emne:** Veg til Stordalshammaren  
**Vedlegg:** St.hammaren.svar vegvesen.jpeg

Viser til brev datert 18.01.16.

Vi var ikkje klar over at avkøyringa hadde avvik i forhold til reguleringsplanen.

Heilt frå reguleringssaka vart starta opp var avkøyringa tenkt der den no er, på grunn av terrengforhold og sikt.

Vegvesenet var under høyring av planen på synfaring, og hadde ikkje innvendingar mot denne plasseringa.

No er det slik at hyttelaget ynskjer å flytte avkøyringa 30-45 m mot skitrekket, for å få ein litt slakkare stigning i starten av vegen.

I denne samanheng har vi tatt kontakt med vegvesenet, som har svart at ein ikkje har innvendingar mot ei flytting, så lenge sikt og utforming blir den same som i dag.

Det vil framover bli ei forhandling med hyttelaget om ei kostnadsdeling for eventuell omlegging av avkøyringa.

Vi ber derfor kommunen avvete situasjonen inntil vidare. Vi kjem tilbake med saka når vi har avklart med hyttelaget, og kan sende inn søknad for resultatet som blir semje om.

Vi reknar med at godkjenning / ferdigattest ikkje blir berørt av avviket som er avdekka, noko anna ville vere dramatisk for bruk av vegen og vidare tomtosal. Stigninga på vegen ville ikkje vore mykje annleis med 15 m differanse for avkøyring, og vegvesenet har trass alt ikkje hatt innvendingar til dagens lokalitet.



**STORDALEN TOMTESELSKAP AS**

**Bjørnar Vik**

Dagleg leiar

Tlf: 90 600 163. Epost: [vik.bjornar@gmail.com](mailto:vik.bjornar@gmail.com)

Tilknytt selskap:

Matretunet AS, Stordalen Fjellstove AS, Vik Eigedomsutvikling AS